



**JOBBAR VIDARE:** Radøy og Austrheim har fått avslag frå Riksantikvaren, men jobbar vidare for å skaffa pengar til å planleggja eit steinaldersenter ved Fosnstraumen. Her frå ein lokal steinalderdag. Foto: Børje Møster

# Gjev ikkje opp steinaldersenter

**RADØY/AUSTRHEIM:** Riksantikvaren sa nei, men kommunane gjev ikkje opp å få til ein steinalderpark ved Fosnstraumen.

Av Hans Egil Storheim  
hans.egil@strilen.no

– Det er rett at Riksantikvaren ikkje vil bidra med midlar, men kommunane gjev ikkje opp å få til eit nasjonalt steinaldersenter ved Fosnstraumen, seier Frode Hervik, som jobbar med planane på vegner av Austrheim kommune.

For å koma vidare, prøver kommunane no å få til eit møte med Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge for å skaffa pengar til å gå vidare med planane.

## Vil byggja parkbygg

Det var eit forprosjekt kommunane ville ha Riksantikvaren med på å finansiera. Søknaden lydde på 450.000 kroner.

Planane går på i neste fase å få til eit parkbygg for utstillingar, med verkstad for flintsmid og eventuelt andre handverkarar.

Fosnstraumen ligg ved kystpilegrimsleia, og i søknaden er det vist til at området eignar seg

godt for å sjå kulturarv og naturverdiar i samanheng.

Men søknaden nådde ikkje fram, utan at avslaget er nærare grunngeve.

«Dette er eit prisverdig initiativ, men Riksantikvaren ynskjer ikkje å engasjera seg med verdiskapingsmidlar til bygging av nye senter eller førebuande arbeid til dette», heiter det i avslaget.

## Steinalder-fokus

Riksantikvaren har sjølv utpeika området som «kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse».

Det var rikeleg med fisk som gjorde at steinalderfolk slo seg til ved Fosnstraumen for om lag 10.000 år sidan.

Dei første tilflyttarane vart buande vidare utover i bronseal-

deren. Etter kvart tok dei og til å driva jordbruk.

I søknaden vert det vist til mange steinalderfunn, som gjer at området også er kalla «Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen».

Radøy og Austrheim viser til at det er fleire vikingsenter på Vestlandet, men etter det dei kjenner til ikkje noko steinaldersenter.

Aktuelle grunneigarar er orienterte om planane, som og er presenterte på folkemøte.

– Avslaget frå Riksantikvaren kom trass full støtte for planane i tilrådinga frå fylkeskommunen. Men det finst andre instansar som me prøver oss på for å få finansiert eit forprosjekt, uttaler Frode Hervik.

Kostnaden for eit forprosjekt er sett til 670.000 kroner.

## I fengsel for vald

**MELAND:** Ein mann busett i Meland må sona 90 dagar i fengsel for valdsbruk.

Av Livar Aksnes  
livar@strilen.no

Valdsbruken skjedde i samband med at mannen oppsøkte sin tidlegare sambuar. Der møtte han fornærma, som han meinte hadde eit forhold

til den tidlegare sambuaren. Mannen vart påført fleire slag i ansiktet medan han sat i bilen sin. Dette førde til at nasebeinet knakk, og han miste ein del av ei tann.

Mannen er også dømd for ved fleire høve å ha køyrt bil utan at han har gyldig førarkort. Han er vidare dømd til å betala fornærma 1.883 kroner i skadeserstatning, og til å betala 2.000 kroner i sakskostnader.

Sunn, kjapp og  
**billig**  
hverdagsmat



**FÅRIKÅL AV LAM**  
1 kg frossen, Gilde



**FERSK LAKSEFILET NATURELL**  
4x125 g Lerøy, pr. kg 115,80



**GULROT I BUNT**  
Pr. bunt



**PLOMMER**  
1 kg Sun gold

Frukt- og grøntprisene gjelder uke 37

**KIWI** mini pris

Kjøp kjapt, trygt og billig